



BREHEIMEN

FRÅ EVIG IS TIL
FRODIGE STØLSDALAR





Frå Dulsete i Mørkridsdalen (TD)



Hestbrepiggen sett frå Blåhø (TD)



På toppen av Vangsen (1757moh.) i Jostedal med Sekkebreen i bakgrunnen (JAG)

BREAR, TINDAR, VIDDER OG DALAR

I Breheimen finn ein både nokre av dei mest nedbørsrike og dei mest nedbørsfattige områda i landet. Området spenner frå nesten havnivå til godt over 2000 m. Landskapet er forma av isbrear, skred og andre geologiske prosessar gjennom hundretusenvis av år. I dag finn ein alt ifrå frodige stølsdalar til karrig høgfjell og isbrear, og Breheimen framstår som ein av dei mest varierte nasjonalparkane våre.



Sprongdalshytta (TD)



På tur i Lundadalen (OR)



NATUROPPLEVINGAR

Breheimen har i mange år lokka fotturistar inn i fjellheimen, med sine nærare 300 km merkte stigar. Men mange av turane er blant dei meir krevjande turane i Sør-Noreg, mellom anna fordi området er noko mindre tilrettelagt med stigar, og turisthyttene er stort sett sjølvbetjente. På fottur i Breheimen opplever ein stilla i naturen, med dalar, vidder og tindar. På dei mange stølane kan du møte beitedyr om sommaren.

Hestbrepiggane er dei høgaste fjella i Breheimen og når på opp til 2172 m.o.h. (Nordre Hestbrepiggen). Tverrådalsskyrkja med sine 2088 m.o.h. er kanskje det mest kjende fjellet, der det ruvar like ved ei av turrutene frå Sota til Nørðstedalseter. Turen opp på Tverrådalsskyrkja er ein heildagstur uansett utgangspunkt for turen. Dei mest brukte innfallsportane til Breheimen er Sota, Lundadalen,

Grotli, Høydalen, Sognefjellet, Nørðstedalen, Mørkridsdalen, Vigdalen saman med Vanddalen og Vivatjønni i Jostedalen.

Hugs at å ferdast på bre kan vere **farleg** på grunn av sprekkar. All ferdsel på bre må skje med bruk av tau og anna sikringsutstyr samt kunnskap om korleis ein kan ferdast trygt på bre. Ein kan og leige seg fjellførar. Fleire selskap og turisthytter tilbyr guida turar i nasjonalparken, både enkle ski- og fotturar og meir krevjande alpine turar på bre og tindar.

Fleire vatn og vassdrag i Breheimen har godt aurefiske, særleg dei større vatna. I mange av vatna vert det drive fiskekultivering. Husk jakt- og fiskekort.



Harbardsbreen (TD)



Drivandefossen i Mørkridsdalen (TD)



LANDSKAP OG GEOLOGI

Brear, tindar, fjellvidder og stølsdalar

Landskapet i den vestlege delen av Breheimen er kupert med bratte fjell og djupe dalar. I den austlege delen er derimot landskapet slakare. Dette kjem mellom anna av at den vestlege delen er dominert av harde grunnfjellsbergartar, medan ein lengre aust hovudsakleg finn mjukare skiferbergartar som lettare let seg forvitre. Ein annan grunn til denne skilnaden er at under istidene var det hovudsakleg breane vest for vasskilet som grov i terrenget. I aust ser vi tydelegare spora frå det slake terrenget landet vårt var før istidene - også kalt "den paleiske flata". Morenejorda, som ligg igjen etter at breane trekte seg tilbake, er god grobotn for plantelivet.

I Dummdalen finn ein dei største kalksteinsgrottene i Sør-Noreg. Desse vert danna av at vatn gjennom tusenvis av år sakte løyser opp kalksteinen. Den langsame prosessen og den unike førekomsten gjer desse særleg sårbare for ferdsl.



Lendfjell mot Hestdalsøgdi (PD)


Vassdragsnatur

Breheimen har ein rik vassdragsnatur med eit utal av frie elvar og fossar som kastar seg utfor fjellsidene. Fleire av vassdraga har lenge vore verna mot kraftutbygging. Mellom dei verna vassdraga som heilt eller delvis ligg innanfor nasjonalparken er Mørkridsvassdraget, Strynevassdraget, Måråe, Glitra, Blankåe, Ostre med Tundra, Skjøle og Bøvre. Elvane, som kjem frå dei mange breane, bidreg til at plante- og dyrelivet er så variert. Den mest kjende fossen er Drivandefossen i Mørkridsdalen.
















Utsikt over Sprangdalen mot Greinbreen (MC)

Formgjeving og digital kartografi: Gåsvain, kart-tjenester, www.kart-tjenester.no. Digitale kartdata: Stetens kartverk N250. Løype nr. MAD12002-R125240



TEIKNFORKLARING

- | | | | | | |
|---|---------------------|---|--------------------|---|-------------------------|
|  | Fylkesgrense |  | Nasjonalparksenter |  | Betjent turisthytte |
|  | Nasjonalpark |  | Informasjon |  | Sjølbetjent turisthytte |
|  | Landskapsvernområde |  | Parkering |  | Ubetjent turisthytte |
|  | Naturreservat |  | Camping | | |
|  | Nasjonalparklandsby |  | Overnatting | | |
| | |  | Servering | | |





Skogsøtgras (TD)



Marisko (OR)



PLANTELIV

Det er særleg stor variasjon i plantelivet i Breheimen nasjonalpark, knytt til både høgfjellsmiljø, rasmarker, gamal furuskog, kalkrik bjørkeskog, rik og gammal edellauvskog, fosserøyksoner og breelvdelta. Her er døme på både sterkt vestlege artar (fossgrimemose), markert austlege artar (skogsøtgras), sørlege artar (stammesigd), nordlege artar (rosekarse). I tillegg finn ein alpine artar som tinderublom, kontinentale artar som issoleie, saman med artar med tyngdepunkt i Midt-Noreg (tindved) og artar med svært oppsplitta internasjonal utbreiing (svepemose).

Ved Høyrokampen og i Mørkridsdalen er det mange sjeldne, såkalla raudlista artar, mellom anna marisko og stavklokke, artar som Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på.



Laprose (OR)



Villrein (MK)



DYRELIV

Breheimen er villreinen sitt område. Ottadalen villreinområde er det tredje største leveområdet for villrein i Noreg, og Breheimen nasjonalpark utgjer søre del av dette området. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å sikre villreinen sine leveområde.

I høgfjellet er det eit relativt sparsamt dyreliv utanom villrein. Men fleire av dei store rovdyra (særleg jerv), rovfuglar (kongeørn, jaktfalk og fjellvåk) og andre raudlista fugleartar finst her. I høgfjellet lever dei vanlege fuglane som snøspurv og steinskvett. I dei frodigare dalføra lever fleire sjeldne fugleartar som til dømes kvitryggspett og bergirisk.

I dalane er det også gode bestandar av hjort, og på austsida er elgen vanleg.



Jervespor (JK)



Høydalen (OG)

HISTORIE

Gamal og ny bruk av fjellet

Folket som bur kring Breheimen nasjonalpark har gjennom tidene vore sterkt knytte til fjellet, med jakt, fiske, stølsdrift og gjennom ferdsel mellom Aust- og Vestlandet.

Villreinen er viktig for å forstå kulturminnehistoria i Breheimen. Vi kan rekne med at delar av Breheimen innan år 7000 f. Kr, etter at isen hadde trekt seg tilbake, var leveleg område for menneske som levde av reinsjakt. Her er mange kulturminne og spor etter villreinfangst, både lausfunn som til dømes pilspissar og permanente jakt- og fangstinnretningar. Særleg dyrefangstgravene skil seg ut. Jakt på villrein skjer også i dag og er ein uavbroten tradisjon på ni tusen år. Det finst spor etter tre sælehus i Breheimen, overnattingsstader på fjellvegane frå middelalderen.

Det er mange stølar med bygningar som vert tekne vare på og brukt, eksempelvis i Mørkridsdalen, Mysubytta, Høydalen og Vigdalen. Her vil du møte beitedyr om sommaren, både sau, geit og kyr.



Bågåsto (gamal skytestilling) (JK)



Frå Mysubytsetra (JK)

Tilgrensande verneområde:

Mørkridsdalen landskapsvernområde (34,7 km²). Her er det mange godt vedlikehaldne stølar, og framleis går det beitedyr i det gamle kulturlandskapet. Det særprega Mørkridsvassdraget gjev liv til eit særleg artsrikt og mangfaldig planteliv.

Vigdalen landskapsvernområde (29,2 km²). I Vigdalen finn ein spor frå ei uvanleg hending på slutten av istida. Ein brearm frå Jostedalen, som delvis gjekk opp Vigdalen, støytt då saman med ei anna som kom nedover Vigdalen. Hendinga danna moreneryggar som er viktige for å forstå klimahistoria i området. Dette området, kring Vigdalstøl-Breisestølen, utgjer i dag eit svært verdifullt kulturlandskap.

Mysubytta landskapsvernområde (5,58 km²) er oppretta bl.a. for å ta vare på det verdfulle kulturlandskapet med setermiljø og kulturminne, i tillegg til vassdragsnaturen og det varierte dyre- og plantelivet.

Strynefjellet landskapsvernområde (11,8 km²) har store landskapskvaliteter både som ein særmerkt U-dal, kulturminne knytt til den gamle Strynefjellsvegen og med eit vakkert vassdrag. Området er også viktig for villreinen.

Høydalen landskapsvernområde (11,1 km²). Høydalsvatnet og elva er en viktige element i landskapet, i tillegg til kulturminne, kulturlandskap med setermiljø og stort biologisk mangfald.

Høyrokampen naturreservat (9,91 km²) er eit heilt spesielt naturområde med svært mange sjeldne planter, lav, mosar og sopp. Området er såleis viktig for forskning og undervisning. Det er stor variasjon i naturtypar, m.a. naturbeitemark, rasmarkar, kalkskog og berg.

Honnrsrøve naturreservat (16,4 km²) er eit tilnærma urørt skogområde med tilhøyrande plante- og dyreliv. I området er det få tekniske inngrep, og her er ein av dei største kjende førekomstane av den sjeldne ulvelaven.



Skilt viser veg (JK)

I ein nasjonalpark er du gjest i naturen

- Gå der du vil, på beina eller på ski. Alt som har motor er i utgangspunktet forbode.
- Rast der du vil, nytt gjerne telt for overnatting. Rydd opp etter deg, og ta med bosset heim.
- Du kan gjerne tenne opp bål, men hugs det generelle forbodet mot å brenne bål i skogsmark mellom 15. april og 15. september. Vis omsyn når du sankar ved – ikkje hogg gamle tre for dei er viktige for insekt og fuglar.
- Du kan plukke bær, sopp og vanlege plantar til eigen bruk. Vis omsyn til kulturminne, vegetasjon og dyreliv. Ta ekstra omsyn i hekke- og yngletida.
- Jakt og fiske er tillate som elles. Hugs jakt-/fiskekort. Ikkje bruk levande fisk som agn. Du må heller ikkje ta med deg levande fisk frå eit vassdrag til eit anna.
- Du kan ta med deg hund, men hugs bandtvang (ulike reglar i kommunane).

ISBN (Trykt) 978-82-7072-799-5 ISBN (PDF) 978-82-7072-800-8

Layout: Guri Jermstad AS. Foto: Odd Repp (OR), Morten Kielland (MK), Ola Gjeilo, Visus (OG) Per Steinar Løkken (PSL), Morten Clemetsen, Aurland Naturverkstad (MC), Per Dagsgard (PD), John Anton Gladstø (JAG), Tom Dybwad (TD) og Jørn Karlsen (JK)

Forsidebilde: Tverråldalskyrkja med rein på Sjellfiye (PSL)



Kort om Breheimen nasjonalpark

Kvar: Skjåk og Lom kommunar i Oppland fylke

Luster kommune i Sogn og Fjordane fylke

Slik kjem du til Breheimen nasjonalpark:

Rv 55 mellom Luster og Lom over Sognefjellet og Rv 15 mellom Lom og Stryn over Strynefjellet er dei viktigaste vegane som fører til Breheimen nasjonalpark. Dei mest brukte innfallsportane er Sota, Lundadalen, Grotli, Høydalen, Sognefjellet, Skjolden/Mørkridsdalen, Vigdalen og Jostedalen. Her er det også parkeringsplassar.

Informasjon om overnattings- og servicetilbod:

Luster Turistkontor, tlf. 976 00 443, www.sognefjord.no

Skjåk Turistinformasjon, tlf. 468 29 564 (sommaropen)

Lom Turistinformasjon, tlf. 61 21 29 90, www.visitlom.com

Sjå også www.visitjotunheimen.com.

Hytter: Rett ved og i nasjonalparken er det mange ulike hytter du kan nytte deg av. Hyttene har ulike eigarar som mellom anna Den Norske Turistforening (DNT, sju sjølvbetjente hytter), og Skjåk Almennig. Undersøk på førehand hyttestandard, kven som eig hytta og om den er open. Sota Sæter (DNT), Krossbu (privat), Sognefjellshytta (privat) og Nørdestedseter (DNT) er fire betente hytter som ligg like utanfor nasjonalparken.

Kart: Fleire kart i Norge 1: 50 000-serien

Breheimen 1: 50 000

Breheimen 1: 100 000

Turkart Skjåk 1:75 000

Turkart Lom-Vågå 1:50 000

Oppretta: 2009

Areal: 1691 km²

Tilgrensande verneområde: Strynefjellet landskapsvernområde

Mysubytta landskapsvernområde

Høydalen landskapsvernområde

Mørkridsdalen landskapsvernområde

Vigdalen landskapsvernområde

Honnsvæve naturreservat

Høyrokampen naturreservat

Nasjonalparksenter:

Breheimsenteret, Jostedal, tlf. 57 68 32 50, www.jostedal.com

Norsk Fjellmuseum i Lom, tlf. 61 21 16 00, www.fjell.museum.no

Forvaltning og oppsyn:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, tlf. 57 65 50 00

Fylkesmannen i Oppland, tlf. 61 26 60 00

Skjåk kommune, tlf. 61 21 70 00

Lom kommune, tlf. 61 21 73 00

Luster kommune, tlf. 57 68 55 00

Statens naturoppsyn, tlf. 73 58 05 00

Meir informasjon: www.norgesnasjonalparker.no





Nasjonalparker i Noreg – vår felles naturarv

Vi opprettar nasjonalparker for å ta vare på store naturområde – frå hav til fjell. For naturen sin eigen del, for oss og for komande generasjonar.

Nasjonalparkane rommar storslått natur med variert dyre - og planteliv, fossar og brear, høge fjell, endelause vidder, djupe skogar, vakre fjordar og kystområde. I tillegg finn du kulturminne som viser korleis områda vart brukte før.

I nasjonalparkane er moglegheitene for gode og spennande naturopplevingar mangfaldige.

Bruk den flotte naturen vår – på naturen sine føresetnader.

Velkommen til Noreg sine nasjonalparker!



**DIREKTORATET FOR
NATURFORVALTNING**

www.dirnat.no